

Referat

Soknerådsmøte Fitjar Sokn
Møtedato: 23.09.2021
Tid: Kl. 18.30
Ord for dagen: Wenche Andersen Helland

Møtedeltakarar: Svein Lunde
 Wenche Andersen Helland
 Tom Rydland
 Anne Marie Røed
 Herman Inge Aadland
 Åse Rygg H. Nøttveit
 Roald Drønen
 Karin Korsvik
 Jan Overweg, kyrkjeverje

Sak 2021/ 50 Vedtak: Innkalling og saksliste vart godkjent

Sak 2021/ 51 Vedtak: Soknerådet stadfestar referatet frå møtet 26. aug. 2021

Sak 2021/ 52 **Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet.**

❖ Kyrkjelege handlingar:

Det har vore 6 konf.gudstenester.

Familiegudsteneste i samarbeid med søndagsskulen.

Konfirmantpresentasjon (36 konfirmantar)

2 gravferder i aug. og sept.

- ❖ Arbeid med detaljbudsjettet er ikkje heilt ferdig. Budsjettet vil bli presentert for soknerådet, når det er blitt gitt tydeleg signal om storleiken på ramma. Kyrkjeverje og soknerådsleiar skal i møte med Rådmannen om budsjettet 5. okt.
- ❖ Kyrkjeverje har hatt besøk av slektningar til gjevar av altertavle frå 1720. Dei vil gje kyrkjeverje meir stoff om gjevar.
- ❖ Det er behov for restaurering av den store altertavla, som er blitt mørk og må spennast opp. Kyrkjeverje har vore i kontakt med NIKU, Norsk institutt for kulturminneforskning. Kostnadsramme: 300 – 600 000 kr. Ein kan søkje om økonomisk støtte hos Riksantikvaren.
- ❖ Kyrkja har fått eit tilskot på kr. 20000, grunna inntakstap under pandemien. Kyrkjeverja foreslo at kr. 20000 vert brukt til styrking av trusopplæringa. Soknerådet støttar dette.

- ❖ Soknepresten vil gjerne ha tips om stoff som skal inn i kyrkjebladet. Vidare roste han Fitjar bygdekvinnelag som serverer mat til konfirmantane når det er undervisning.
- ❖ Laurdag 26. sept. reiser sokneprest og kyrkjelydsped. til Austevoll i lag med konfirmantar og nokre av foreldra på eit stort arrangement for konfirmantar i regionen der m. a. Thor Håvik tek del.
- ❖ Bispevisitas: Visitasmeldinga vil vera klar til neste møte. Det vert møte med alle prestane i prostiet. Det er sendt ut invitasjon til skulegudsteneste. Tilbakemeldingane er positive.

Sak 2021/ 53

Budsjett 2022

Soknerådsleiar orienterte om møtet med formannskapet i Fitjar 22. sept. 2021. Soknerådsleiar og kyrkjevevje meinte det var nyttig med eit slikt møte der det blei orientert om arbeidet i kyrkjelyden. Det var mellom anna tatt opp trongen for parkeringsplass med universell utforming.

Budsjettarbeid: Rammene må aukast, dette går fram av budsjettbrev

Forventa prisstigning og forventa auke i straumkostnadene må leggjast til grunn.

Kyrkjegardar: Festeavgiftene er ikkje regulert på mange år. Kyrkjevevja foreslår endringar.

Tjeneste	Sats kr.	Frå 2022:
Feste av 1 grav i 1 år	200	250
Feste av 1 grav i 10 år	2000	2500
Feste - Reservering av grav	4000	4000
Gravlegging av utanbygds buande	7000	8000
Seremoni utanbygdes person	3000	4000
Seremoni ikkje medlem	3000	4000
Gravlegging utanbygds, urne	3000	4000
Reservering av grav	4000	4000
Gravstell på Fitjar kyrkjegard	1100	1300
Mosekrans på grav	350	400
Vårplanting på grav	400	500
Sommarplanting på grav	350	400
Konfirmant eigenbetaling vårsemester	1000	1000
Konfirmant eigenbetaling haustsemester	1000	1000
Annonse i Fitjar kyrkjeblad	1500	1500

Soknerådet støttar framlegget til endring av satsane frå 01.01.2022.

Sak 2021/54

Oppnemning av styret for Bakken barnehage

Soknerådet handsama val av styret for Bakken barnehage i møtet 26.08.2021 – sak 2021/48.

Arbeidsutvalet kom med forslag til styremedlem oppnemnt blant foreldra.

Vedtak:

Soknerådet oppnemner desse til styret for Bakken barnehage:

1. Tom Rydland, leiar - for 2 år
2. Erling Prestbø – for 1 år
3. Torunn Aarskog – for 1 år
4. Andreas Siglen – for 2 år

Staben i barnehagen vel sjølv representant frå dei tilsette.

Semje om at soknerådet bør ha eit møtepunkt med barnehagen ein gong i året. Dette må inn i årshjulet.

Sak 2021/ 55

Høyring om ny kyrkjeleg organisering – plan for gjennomføring

Svarfrist 01.12.2021

Ei arbeidsgruppe vart sett ned for å arbeida med nokre av høyringsspørsmåla:

Svein Lunde, Wenche Andersen Helland, Anne Marie Røed

Gruppa tar imot innspel med takk.

Arbeidsgruppa vil arbeida med desse høyringsspørsmåla:

- | | |
|--------|--------------|
| Del 1: | punkt 1 og 2 |
| Del 2: | punkt 6 |
| Del 3: | punkt 8 |
| Del 4: | punkt 12 |

Sak 2021/ 56

Meldingar/ open post

Kontormedarbeidar Elisabeth Søndena Oma går ut i morspermisjon. I permisjonstida vert Brit Kannelønning Olsen tilsett som vikar i 40% stilling. Brit er busett på Stord og har frå før 60% stilling som kontormedarbeidar på kyrkjekontoret i Sveio.

Ekstra møte i Fitjar sokneråd 04.11.2021.

Ref. Anne Marie Røed